

Årsplan 2026-2027

Breidablikk kulturbarnehage



Me løfter i lag

Velkommen til eit nytt barnehageår i Breidablikk kulturbarnehage!

Me har gleda av å presentera årsplanen for 2026/2027 – eit dokument som ikkje berre skildrar kva me gjer, men kven me er. Under visjonen «Kunst, kreativitet og glede – kultur og trygghet tilstede!», inviterer me dykk inn i ein kvardag der barna sitt beste alltid kjem først.

Me løfter i lag!

INNHALDSLISTE

Velkommen til eit nytt barnehageår i Breidablikk kulturbarnehage!	2
Presentasjon av barnehagen	4
Egenart/profil	
NMT (Norsk med tegnstøtte)	
Personaloversikt	
Barnehagensverdigrunnlag	7
Barnesyn	
Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg	
Barnehagen skal ivareta barn behov for lek	
Barnehagen skal fremme danning	
Barnehagen skal fremme læring	
Livsmestring	
Glede og humor	
Trygt og godt barnehagemiljø	
Sosial kompetanse/vennskap	
Berekraft	
Barnehagen har ansvar for å sikra progresjo i barnas utvikling	
Kvalitetsplanen for barnehagen	13
Rammeplanen	13
Slik jobbar vi med lek dette barnehageåret	
Inspirasjon gjennom året	
Medverknad	14
Barns medverknad	
Foreldresamarbeid	
Overgangar	14
Når barn begynner i barnehagen/tilvenning	
Overgangobjekt	
Overgangar innad i barnehagen	
Overgangar mellom barnehage og skule	
Samarbeid	15
Internt i barnehagen	
Eksterne samarbeidspartnarar	
Samarbeid med andre tenester	
Trafikksikker kommune	16
Vurdering	17
Vurdering av arbeidet vårt	
Fagområde	18
Forventningsdokument	19
Årshjul	20

1. Presentasjon av barnehagen

Velkommen til barnehagen vår!

Breidablikk kulturbarnehage består av fire avdelingar og er, etter dagens forhold, ein liten barnehage fordelt på to bygg. Dette skaper eit trygt og oversiktleg miljø der alle kjenner alle.

Hovudhuset på Breidablikk består av ein gammal og ein ny del. Den eldste delen vart bygd som framhaldsskule i 1912. I 1992 vart bygget teke i bruk som barnehage, og seinare vart det utvida med eit nytt tilbygg. Det gamle bygget bidreg til å gje barnehagen sjarm, historie og særpreg.

Det andre huset ligg i Vestkroken 18. Opphavleg vart det bygd som bustad for tilsette i Hå kommune. Huset ligg rett over leikeplassen vår og har vore ein del av Breidablikk sidan 1997.

Barnehagens visjon:

«Kunst, kreativitet og glede
kultur og trygghet
tilstede!»

Eigenart/profil



Breidablikk har valt å profilere seg som kulturbarnehage. Dette inneber eit særleg fokus på dei estetiske fagområda musikk, drama og forming. Arbeidet kjem mellom anna til uttrykk gjennom førestillingar og utstillingar. Kulturbarnehageprofilen skal òg gjennomsyre kvardagen gjennom leik og aktivitetar.

Breidablikk ønskjer å gje eit unikt tilbod, skilje seg ut og skape sitt eige «univers» som kulturbarnehage.

I rammeplanen står det:

Kunst, kultur og kreativitet: «Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.»

NMT (Norsk med tegnstøtte)

I Breidablikk nyttar vi NMT (norsk med teiknstøtte). Ved å ta i bruk NMT i barnehagen styrkjer vi kommunikasjonen for alle barn. NMT bidreg til at barna lettare kan forstå og kommunisere med kvarandre, og er derfor også eit viktig verktøy for inkludering.

NMT er ein måte å støtte talespråket på ved hjelp av teikn. Talespråk blir kombinert med enkle teikn, mimikk og kroppsspråk. NMT er ikkje eit eige språk, men ein alternativ kommunikasjonsstrategi som stimulerer både hørselen gjennom tale og synssansen gjennom teikn, mimikk og kroppsspråk.

NMT kan vere ei støtte i omgrepsinnlæringa for barn med nedsett hørsel, men også for barn med normal hørsel som har ulike typar kommunikasjonsutfordringar. Samtidig kan NMT vere til nytte for alle barn ved å styrkje språkforståing og kommunikasjon.

Gjennom arbeidet med språkmiljøet i barnehagen nyttar personalet praksisforteljingar, gruppearbeid og refleksjonar, og dei får innføring i relevant teori som blir omsett til praksis i kvardagen.

Ein dag i barnehagen består av mange viktige kvardagssamtalar. Desse oppstår overalt og til alle tider, og gir verdifulle moglegheiter for språklæring. Vi ønskjer å vere vaksne som legg til rette for at samtalanene skal blomstre, og som er medvitne om å skape gode språklæringssituasjonar gjennom heile dagen for alle barn.

Personalet i Breidablikk kulturbarnehage 26/27

Stilling	Namn	Stillingsstorleik
Pedagogisk leiar	Siri S. Tjensvoll	100 %
Pedagogisk leiar	Cathrine S. Holm	100 %
Pedagogisk leiar	Silje Løge	80 %
Pedagogisk leiar	Susanne Christin Ueland	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Grethe R. Johnsen	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Bean A. Mohammad	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Turid Djøseland	100 %
Fagstilling	Amalie Høyland Stapnes	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Nina Håland	80 %
Hjelpepleiar/fagstilling	Annette U. Mæland	80 %
Assistent	Stine Lise Lode Nøst	100 %
Assistent	Inga Eiane	100 %
Assistent	Steffen Kjørmo	80 %
Assistent	Laila Johnsen	40 %
Assistent	Ann Mari Tjemsland	23 %
Sykepleier/fagstilling	Johanna Bjorland	80 %
Fagstilling/ergoterapeut	Joana J. Hosseini	100 %
Fagstilling/assistent	Solveig Edland	80 %
Spesialpedagog	Sarah Ree	
Kontorkonsulent	Ragnhild Åmodt Tveit	20 %
Vaktmeister	Arve Reime	10 %
Reinhaldar	Maria Jennifer Escobar Millo	
Styrar	Perly Elin Sjøen	100 %
Permisjon		
Pedagogisk leiar	Ane Salte	100 %
Fagstilling/sosionom	Anette Rugland	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Nina Sør-Reime	40 %

2. Barnehagens verdigrunnlag

Barnesyn

Korleis vi oppfattar barnet, dannar grunnlaget for barnesynet vårt. Det handlar om korleis den vaksne tolkar, samarbeider med og møter kvart enkelt barn.

Vi ser barnet som eit sjølvstendig individ. Det betyr at barnet skal bli møtt med anerkjenning for eigenverdien sin og få moglegheiter til utvikling og opplevingar gjennom positive samspel med andre. Barnet skal erfare seg sjølv som ein meiningsskapar i eigen kvardag, både åleine og i fellesskap med andre.

Vi er aktive deltakarar i barna sin kvardag og skal delta, leggje til rette og rettleie med ei autoritativ tilnærming. Ei slik tilnærming inneber at den vaksne møter barna med varme og omsorg, samtidig som han eller ho er tydeleg i samspelet. Tilnærminga byggjer på gode relasjonar, positive forventningar, tryggleik og motivasjon hos det enkelte barnet.

I vår barnehage skal barna oppleve at samspelet med dei tilsette er prega av omsorg, tillit, interesse og respekt. Relasjonsbygging er alltid den vaksne sitt ansvar.

Saman arbeider vi for eit felles barnesyn. Dette gjer vi mellom anna gjennom plantid, refleksjon og evaluering på personalmøte. Personalet nyttar òg faglitteratur, rammeplanen og kurs som støtte i det kontinuerlege arbeidet med utvikling og kvalitet.

Hos oss kjem barna alltid først. Omsynet til barnet sitt beste skal liggje til grunn for alle vurderingar og alt arbeid vi gjer.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Å vere gode omsorgspersonar er personalet si viktigaste oppgåve. Når barn opplever omsorg og tryggleik, får dei betre høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. Dei lærer å skape gode relasjonar og etter kvart ta meir ansvar for seg sjølve og fellesskapet.

Gjennom kvardagen får barna øve seg på både å gi og ta imot omsorg. Dette er viktig for utvikling av sosial kompetanse og gode relasjonar til andre menneske.

I Breidablikk arbeider vi for å vere trygge, omsorgsfulle og gode rollemodellar for barna. For å sikre dette skal personalet:

- leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring
- sjå kvart einskilt barn som eit heilt, fullverdig og unikt menneske, og tolke dei minste barna sin ikkje-verbale kommunikasjon

Barnehagen skal ivareta barns behov for lek

Leik er ein viktig del av barndommen. Gjennom leiken opplever barna glede, vennskap, utforsking og læring. Leiken er barna sin viktigaste aktivitet og ein sentral del av kvardagen i barnehagen.

I Breidablikk skal leiken stå i sentrum. Vi legg til rette for inspirerende og kreative miljø som vekker nysgjerrigheit, fantasi og lek. Vi ønskjer å skape rom som endrar seg i takt med barna sine interesser og behov, slik at dei opplever meistring, engasjement og leikeglede.

Personalet er aktive deltakarar som støttar, inspirerer og legg til rette for gode leikeopplevingar. Barna får vere med og påverke både tema, aktivitetar og val av leikemateriell. Slik tek vi vare på barna si medverknad.

I tillegg til den frie leiken nyttar vi organiserte leikegrupper. Dette kan vere eit viktig tiltak for å hjelpe barn inn i leiken, styrkje vennskap og sikre at alle opplever å vere ein del av fellesskapet.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- leggje til rette for at barna får god tid til lek
- bidra til at alle barn får oppleve fellesskap og inkludering i leiken
- skape eit inspirerende, variert og inkluderende leikemiljø
- vere tydelege rollemodellar og rettleie barna når det er nødvendig

Barnehagen skal fremme danning

Danning handlar om korleis vi utviklar oss som menneske gjennom samspel med andre. I barnehagen lærer barna å vise omsyn, ta ansvar, samarbeide og respektere kvarandre. Dei får øve seg på å uttrykke eigne meiningar, samtidig som dei lærer å lytte til andre.

I Breidablikk arbeider vi for å vere gode rollemodellar for barna. Gjennom kvardagslege opplevingar, lek og samspel ønskjer vi å styrkje barna si sjølvkjensle og gi dei ei oppleving av å høyre til i fellesskapet. Målet er at barna skal utvikle tryggleik, sjølvstende og respekt for seg sjøve og andre.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- leggje til rette for samspel og fellesskap mellom barna
- hjelpe barna til å oppleve at dei er verdifulle medlemmer av fellesskapet
- synleggjere mangfaldet i barnehagen og vise korleis ulikskapar kan vere ei kjelde til læring og gode opplevingar
- støtte barna i å uttrykke eigne meiningar og vise respekt og omtanke for andre

Barnehagen skal fremme læring

Barn lærer gjennom alt dei opplever, utforskar og erfarer i kvardagen. Læring skjer i lek, i samtalar, i aktivitetar og i samspel med andre barn og vaksne.

I Breidablikk ønskjer vi å gi barna varierte opplevingar som skaper nysgjerrigheit, utforsking, meistring og lærelust. Vi legg vekt på å sjå og støtte det enkelte barnet sine interesser, og byggjer vidare på det barna er opptekne av. Slik blir læringa både meningsfull og motiverande.

Vi ser det som spesielt viktig å hjelpe barna med å setje ord på tankar, kjensler, opplevingar og erfaringar. Gjennom gode samtalar og trygge relasjonar får barna utvikle språk, forståing og tru på egne evner.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- vere merksame på barna sine interesser og initiativ, og byggje vidare på desse
- gi barna opplevingar og erfaringar som skaper undring, utforsking, kreativitet og meistring
- leggje til rette for eit inkluderande fellesskap der barna lærer med og av kvarandre

Livsmestring

Livsmestring handlar om å hjelpe barna til å utvikle tru på seg sjølve og oppleve meistring i kvardagen. I barnehagen får barna øve seg på å møte utfordringar, handtere motgang og setje ord på egne kjensler. Dei lærer også å forstå og ta omsyn til andre.

I Breidablikk ønskjer vi å skape ein kvardag prega av trivsel, glede, tryggleik og gode opplevingar. Når barna opplever å høyre til, bli sett og få kjenne på meistring, legg vi eit godt grunnlag for livsmestring.

Arbeidet med livsmestring handlar mellom anna om:

- å fremje fysisk og psykisk helse
- å styrkje barna si trivsel, livsglede, meistring og sjølvkjensle
- å førebyggje krenkingar og mobbing
- å oppdage og hjelpe barn som kan vere utsette for omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep

Glede og humor

Humor, glede og latter er ein viktig del av kvardagen i barnehagen. Når barn og vaksne ler saman, skaper det trivsel, vennskap og gode relasjonar.

Gjennom tull og tøys, lek, ordspel og morosame opplevingar får barna utforske språket på ein kreativ måte. Humor kan bidra til både læring, glede og fellesskap

Trygt og godt barnehagemiljø

Kva er mobbing?

”Mobbing er når ein person gjentatte gonger over tid blir utsatt for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Det er ein viss ubalanse i styrkeforholdet. Den som blir utsatt for dei negative handlingane har problem med å forsvare seg, og er ofte hjelpelause ovanfor den eller dei som plagar han eller henne” Dan Olweus

Forebyggjande tiltak i barnehagen vår:

Mål for barna:

- oppleve trygghet, glede og meistring i kvardagen
- ha medbestemmelse/barnemøter
- fokusere på kvarandre sine positive sider
- ha venner
- føla seg sett, høyrte og verdsett
- få hjelp og støtte av vaksne når dei treng det
- være en del av fellesskapet

Mål for oss vaksne:

- vera gode rollemodellar
- bry seg
- observera barnas samspel og lek
- hjelpa barn inn i leiken med andre
- gje rom for lek
- fokusere på venskap
- løfte fram barnas interesser
- autoritative - varme vaksne
- informere foreldra om mobbeplanen
- samtale dersom mobbing blir observert (både hos den som mobbar og den som blir mobba)
- felles verdiar og haldningar/prioriteringar



Meir info i heftet «Handlingsplan for et trygt og godt barnehagemiljø»

I tillegg til dette er det vår plikt til å skrive aktivitetsplan dersom det avdekkes mobbing med hjemmel i barnehagelovens kapittel 8.

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

§ 42 Aktivitetsplikt

Sosial kompetanse/vennskap

Sosial kompetanse handlar om korleis barn har det saman med andre i barnehagen.

Barn er sosiale frå starten av. Dei kommuniserer med både kropp og språk, og lærer å vere saman gjennom kvardagslege situasjonar. Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle, kommunisere og fungere godt saman med andre.

Barn utviklar sosial kompetanse gjennom lek og samspel med både barn og vaksne. Venner er viktige for barna, fordi dei gir glede, tryggleik og felles opplevingar. Samtidig vil vennskap òg kunne føre til konflikhtar. Gjennom slike situasjonar lærer barna å forstå andre, vise empati og finne løysingar.


Dei fem viktigaste ferdigheitene i sosial kompetanse er:

- samhandling
- sjølvkontroll
- sjølvhevding
- ansvarlegheit
- empati

I Breidablikk jobbar vi med sosial kompetanse gjennom kvardagen.

Barna skal få:

- lære å vise respekt for kvarandre, uavhengig av bakgrunn, kultur og religion
- utvikle grunnleggjande verdiar og haldningar i samfunnet
- øve seg på å lytte, observere og svare i samspel med andre
- lære å setje ord på kjensler, ønskje og erfaringar, og løyse konflikhtar på ein god måte



Berekraft

Rammeplanen seier at barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraft handlar om å leve på ein måte som tek vare på både dagens og framtidige generasjonar, og å utvikle respekt for natur, menneske og samfunn.

I Breidablikk arbeider vi med berekraft i kvardagen gjennom erfaringar, opplevingar og haldningar barna får hos oss.

Slik jobbar vi med berekraft i Breidablikk kulturbarnehage:

- **Sjølvstende og tru på egne evner**

Barna får øve seg på å prøve sjølve og oppleve meistring. Dei skal kjenne at «dette får eg til», og utvikle tru på egne tankar, handlingar og val.

- **Sosialt fellesskap og medverknad**

Gjennom kvardagen lærer barna å samarbeide, lytte, uttrykkje seg og vere ein del av ei gruppe. Dei får vere med å påverke kvardagen og oppleve at dei har betydning i fellesskapet.

- **Naturen som læringsarena**

Vi er mykje ute på tur i nærmiljøet. Barna får utforske naturen, oppleve dyr og planter, bruke kroppen og bli trygge i ulikt terreng. Slik utviklar dei respekt og tilhøyrse til naturen.

- **Gjenbruk og miljømedvit**

Vi brukar ofte materiale som elles ville blitt kasta, som emballasje og restmateriale, i kreative aktivitetar. Barna lærer at ting kan få nytt liv og at vi kan ta gode miljøval i kvardagen.

Barnehagen har ansvar for å sikra progresjon i barnas utvikling

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Opplevinga av meistring er nært knyta til utviklinga av god sjølvkjensle, derfor må alle barna få utfordringar tilpassa eige nivå.

Barna utviklar seg ulikt og med forskjellig tempo. Progresjonen skal derfor følgje barnet, ikkje ei bestemt aldersgruppe. Det er viktig at vi som vaksne i barnehagen har god kunnskap om det enkelte barn, slik at vi kan gje han/ho noko å strekkje seg etter og at det er tilpassa kvart enkelt barn sitt ståstad.

Barnehagen skal gje kvar einskilt barn gode utviklingsmoglegheiter ut ifrå barnet sine interesser og evner. Det er de vaksne sitt ansvar «å lese barnet», slik at de imøtekjem behova deira. I tillegg er det viktig å gi dei utfordringar, erfaringar og opplevingar ut frå barnets modning og utvikling.

3. Kvalitetsplanen for barnehagen

Kvalitetsplanen for Hå kommune er under revidering.

4. Rammeplan

Dette seier rammeplanen om lek:

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.»

Slik jobbar vi med lek dette barnehageåret

Lek er den viktigaste måten barn lærer og utviklar seg på. I leiken får barna utforske, undre seg, bruke fantasien og utvikle seg sosialt, språkleg, emosjonelt og kognitivt. Lek har ein verdi i seg sjølv, og er ein viktig del av barndommen.

Tryggleik er grunnlaget for god lek. Når barna kjenner seg trygge, får dei rom til å vere nysgjerrige, kreative og engasjerte i leiken.

I Breidablikk legg vi vekt på barna sine interesser når vi planlegg aktivitetar og kvardagen. Barna skal få påverke innhald og oppleve at ideane deira blir tekne på alvor.

I leiken øver barna seg på å vise omsorg, ta omsyn til andre og behandle kvarandre med respekt og toleranse.

Vi legg til rette for lek både ute og inne, og dei vaksne deltek aktivt i leiken når det er naturleg. Vi ønskjer å vere gode rollemodellar som viser respekt for leiken og bidreg til gode, magiske augeblikk i kvardagen.

Det blir enda eit år fylt med lek som gir mykje læring, opplevingar og utvikling. For som vi alle er enig om ein god barndom skal vere prega av mykje lek og gode opplevingar.

Inspirasjon gjennom året

Gjennom året vil vi bruke bøker frå Karsten og Petra-universet som inspirasjon og rettleiing i det pedagogiske arbeidet vårt. Bøkene skal bidra til å skape gjenkjennning, fellesskap og engasjement blant barna, samstundes som dei gir dei vaksne idear til å utvikle leikemiljø, prosjekt og aktivitetar knytte til leiken og opplevinga av eigen verdi hos barna.

Ved å ta utgangspunkt i enkeltbøker gjennom året kan vi knyte forteljingane til aktuelle hendingar, årstider og temaperiodar. Bøkene gir rom for undring, samtalar, rollelek, kreativ utfolding og felles opplevingar. Gjennom kjende karakterar og

historier ønskjer vi å byggje eit inkluderande fellesskap der barna får felles referansar og erfaringar.

Ei ekstra styrke ved denne tilnærminga er at barna får møte dei same karakterane gjennom heile året. Det skaper tryggleik, kontinuitet og eit felles språk som kan styrkje både leik, vennskap og kjensla av tilhøyrse i barnegruppa.

5. Medverknad

Barns medverknad

I Breidablikk har barna rett til å vere med og påverke kvardagen sin. Vi legg til rette for at barna får uttrykkje meiningane sine, og vi lyttar til det dei er opptekne av.

Dette gjer vi gjennom barnesamtalar og i den daglege kontakten med barna. Vi tek omsyn til barna sine ønskje, interesser og behov, tilpassa alder og utvikling.

Foreldresamarbeid

Vi ønskjer eit godt samarbeid med foreldre og føresette. Dette skjer både i kvardagen og gjennom ulike møteplassar.

Den daglege praten ved bringing og henting er viktig for samarbeidet mellom heim og barnehage. I tillegg har vi foreldresamtalar og brukarundersøkingar.

Foreldre kan påverke innhaldet i barnehagen gjennom foreldrerådet (FAU) og samarbeidsutvalet (SU). Kvar avdeling har også ein foreldrerepresentant. Gjennom desse kan foreldre kome med innspel og vere med og påverke barnehagen.

6. Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen (tilvenning)

Når eit barn startar i barnehagen, er målet at det skal få ein trygg og god start. Vi legg til rette for ei roleg tilvenning der barnet gradvis blir kjent med nye vaksne og nytt miljø.

Kvart barn får ein primærkontakt som følgjer ekstra godt opp i starten, slik at barnet kan utvikle tryggleik og tilknyting.

Før oppstart tilbyr vi «bli kjent-dagar», der barnet og familien kan bli kjent med barnehagen, dei vaksne og uteområdet. Vi oppmodar også til å besøkje uteområdet før oppstart, både i og utanom opningstid.

Overgangsobjekt

Eit overgangsobjekt er noko barnet er glad i og som gir tryggleik, til dømes ein bamse, kosefille eller smokk. Det kan hjelpe barnet i situasjonar der det treng ekstra tryggleik, som ved kvile, ved sorg eller når det saknar foreldre.

Vi tilrår at barna får ha med seg overgangsobjekt så lenge dei treng det. Det er ein viktig støtte for tryggleik og trivsel i barnehagen.

Overgangar innad i barnehagen

Dei yngste barna har i starten mykje tid for seg sjølv. Her legg vi vekt på tryggleik, nærleik og god omsorg, slik at barna får ein god start i barnehagen.

Etter kvart som barna blir tryggare, blir dei gradvis introduserte for dei eldste barna. Vi aukar då samarbeidet mellom gruppene gjennom felles samlingar og aktivitetar.

Når barn skal flytte frå liten til stor avdeling, har vi overgangssamtalar mellom avdelingane. Dette sikrar at viktig informasjon blir delt, slik at barnet får ein trygg og god overgang.

Gjennom heile året jobbar vi med fellesskap på tvers av avdelingane. Før sommaren og i samband med overgangar har vi ekstra fokus på dette.

Overgangen mellom barnehage og skule

Skulen inviterer «skulebarna» til den skulen dei skal begynne på. I løpet av våren besøker barna skulen fire gonger.

7. Samarbeid

Internt i barnehagen

I Breidablikk jobbar vi som eit lag. Vi brukar kvarandre sine styrkar, støttar kvarandre og jobbar saman på tvers av avdelingane for å gi barna eit best mogleg tilbod. Vi er opptatt av utvikling og kvalitet i alt vi gjer.

Vi har faste møte kvar veke i avdelingane og pedagogmøte. I tillegg har vi personalmøte ein gong i månaden og fem planleggingsdagar i løpet av barnehageåret.

Eksterne samarbeidspartnarar

Som kulturbarnehage samarbeider vi med fleire lokale aktørar, mellom anna:

- Jærmuseet
- Hå gamle prestegard
- Hå kulturskule
- Hå bibliotek
- Nærbø Idrettslag
- Jadarheim
- Hå kommune (t.d. ulike tenester og verkstader)

Vi nyttar også nærmiljøet og lokale bedrifter i Nærbø når det passar til tema og aktivitetar.

Samarbeid med andre tenester

For å sikre eit godt og heilskapleg tilbod til barna, samarbeider vi med ulike faginstansar:

- Barnevernet i Hå
- Helsestasjon
- PPT
- Ressursteam (tverrfagleg gruppe med PPT, barnevern, helsestasjon og spesialpedagogisk team)
- Familiesenteret
- Skular og vidaregåande skular i området, både i samband med overgangar og praksisplassar for elevar

Ved arbeid i ressursteam blir det alltid innhenta samtykke frå foreldre, med mindre saka er anonym.

8. Trafikksikker kommune

Barnehagane i Hå skal gjennom arbeidet med fagområdet nærmiljø og samfunn bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken. Trafikksikkerheit skal være ein naturleg del av barnehagens innhald og omtales i årsplanen.

Trafikk er nå integrert som ein del av rammeplanen gjennom fagområdet nærmiljø og samfunn.

I rammeplanen står det: *«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjent med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt.»*

Det betyr at trafikksikkerheit blir ein tydelegare del av barnehagekvardagen.

Trafikkopplæring for barn

- Barna skal bli kjent med trafikkregler
- Barna skal lære å bruke sansane sine i trafikken
- Barna skal bli kjent med bruk av bilbelte, sykkelhjelme og refleks

Informasjon til foreldre/forsette

- Barnehagen har rutinar for å ivareta barna sin tryggleik. Tryggleik i trafikken skal tas opp kvart år

I veke 42 vil vi ha trafikkveke i barnehagen vår



9. Vurdering

Vurdering av arbeidet i barnehagen

Vurdering av arbeidet vårt er viktig for å sikre god kvalitet i barnehagen. Det hjelper oss å sjå kva som fungerer bra, og kva vi kan bli betre på.

Vurdering skjer jamleg, både undervegs i aktivitetar og etter at planar er gjennomførte. Målet er å utvikle innhald og arbeidsmåtar slik at barnehagen stadig blir betre.

Barn og foreldre skal få vere med og gi tilbakemelding på barnehagen. Vi ønskjer å høyre kva som er viktig for dykk.

Vi gjer dette gjennom:

- observasjonar
- samtalar med barn og foreldre
- brukarundersøkingar og spørjeskjema
- dagleg kontakt i kvardagen

I tillegg vurderer personalet eigne aktivitetar og reflekterer over arbeidet sitt for å utvikle praksisen vidare.

10. Fagområde

I tråd med rammeplanen jobbar vi med sju fagområde i barnehagen.

Fagområda heng ofte saman, og blir som regel ikkje jobba med kvar for seg. I staden er fleire fagområde ein del av dei same temaa og aktivitetane i kvardagen.



11. Forventningsdokument

BREIDABLIKK KULTURBARNEHAGE

Dette forpliktar vi oss til å gjera:

Heimen	Barnet	Barnehagen
✓ Omtale barnehagen positivt ✓ Ha ein nær og open dialog med barnehagen ✓ Barnehagen blir kontakta fyrst når vi lurar på noko ✓ Heim og barnehage skal supplera kvarandre – slik at barna utvikler seg på alle områder; sosialt, emosjonelt, motorisk og individulet ✓ Vi skal følgje opp barnehagens forventningar med omsyn til barnet (opningstider, kler, planar og møter/samtalar) ✓ Vi ynskjer tilbakemeldingar for å verta betre	✓ Ha respekt for kvarandre – både barn og vaksne ✓ Vera greie med kvarandre – vera ein god ven ✓ Vera opne og villige til å læra noko nytt «bli den beste versjonen av meg sjølve»	✓ Barna skal ha det trygt og godt ✓ Barna skal trivast og oppleve inkluderande fellesskap ✓ Vi skal dekkja barnas behov og bidra til utvikling ✓ Vera lydhøyre overfor barn og foreldre ✓ Ha eit stabilt personale ✓ Fornya oss, vera oppdaterte og følgje med i tida ✓ Kompetansen hos personalet må vera tilfredstillande ✓ God styring

Revidert 17.10.24

12. Årshjul

Å R S H J U L 2026/2027	
August	17/8 Nytt barnehageår - første dag i barnehagen
September	Veke 36 Frist for innlevering av haustferien er 4/9 Veke 37 «Markusløpet» 11/9 Veke 38 Brannvern-veke, 2021 barna besøker brannstasjonen 16/9 kl. 09.00 Veke 38 Foreldremøte 17/9 kl. 18.00
Oktober	Barnesamtaler og foreldresamtaler Veke 41 Verdensdag for psykisk helse 9/10 Veke 41 Skulen har haustferie 5/10 - 9/10 Veke 42 Trafikkveke Veke 43 FN-dagen 24/10
November	Veke 46 Planleggingsdag – stengt i barnehagen 13/11
Desember	Veke 48 Frist for innlevering av julelappen/juleferien 26/11 Veke 49 Julebord 4/12 Veke 50 Lucia-feiring 11/12
Januar	Veke 1 Planleggingsdag – stengt i barnehagen 4/1 Veke 1 Første barnehagedag etter juleferien er tirsdag 5/1
Februar	Veke 5 Samefolkets dag 6/2 Veke 6 Karneval Veke 6 Frist for innlevering av påskeferien 12/2 Veke 7 Skulen har vinterferie 15/2 - 19/2
Mars	Barnesamtaler og foreldresamtaler Veke 10 Vi markerer ID (10/3) Veke 11 Foreldremøte 16/3-27 Veke 11 Den store gule påskefesten Veke 11 Rockesokk 21/3 Veke 12 Onsdag 24/3 stenger vi kl. 12.00 Veke 12 Påskeferie 25/3 - 29/3 Veke 13 Plandag 30/3 – stengt i barnehagen
April	Veke 16 Frist for innlevering av sommarferien 17/4
Mai	Veke 18 Kristi himmelfartsdag 6/5 – stengt i barnehagen Veke 18 Plandag 7/5 – stengt i barnehagen Veke 19 Vi øver oss til 17.mai – 14/5 Veke 19 ID markering 16/5 Veke 20 mandag 17/5 Veke 21 Besteforeldrebesøk Veke 21 Fotballtrøyedagen – 28/5
Juni	Veke 23 Foreldremøte for nye foreldre Veke 24 Avslutningstur for skulebarna

